



Alver kommune Plan og byggesak
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar: 8e0b3c9c-65c3-4e05-a339-48840c1fbbc0

Vår: 23/4925 - 23/56179

Saksbehandlar:

Irene Wilhelmsen

irene.wilhelmsen@alver.kommune.no

Dato:

04.07.2023

Intern høyring - Detaljregulering for Børøy, Lygra

Eigedomsforvaltning v/samferdsel, veg-, vatn- og avløp- forvaltning har fått detaljregulering for Burøy, Lygra på intern høyring og har nokre få merknader.

Plankart og profil:

I plankartet er f_GG1 trekt heilt fram til fylkesvegen, o_V1. Profil viser ikkje f_GG1 heilt til køyrevegen. I forhold til påkopling av gangvegen mot offentleg veg, må avkøyrslprofil visast slik at ein får rett fall frå fylkesvegen før stigninga byrjar.

Saknar og profil for avkøyrsla til parkeringsplassen.

Gangvegen syner ei stigning på 35,13%, med etablering ved bruk av trapper. Då dette ikkje sikrar universell utforming, er det då poeng i å sikre HC parkering?

Føresegner:

Positivt med krav min. 2 parkeringsplassar pr. hytte.

Det er fleire og fleire som skaffar seg el-bil i dagens samfunn. Det burde difor komma med i føresegnene eit krav om å leggja til rette for straum til parkeringsplassane for dei som ynskjer å installere eigen ladestasjon.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn- avløp-
forvaltning

Torkjell Holm Brenna
Avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Alver kommune Plan og byggesak

Postboks 4

5906

FREKHAUG